



ÅRSRAPPORT FOR 2011

1. OPPSUMMERING OG UTFORDRING
2. ARBEIDSOMRÅDE
3. STATISTIKK
4. AKTIVITET I
5. TANKAR FRÅ ” Å VANDRE MED HÅP 2011”

Mangt kan ein kan rapportera frå i eitt årsoppgjer for diakoniarbeidet i Vest-Telemark. Talet på gudstenester og husbesøk, sorggrupper eller pilegrimsvandringar. Men mennesket vil alltid vera det viktigaste verdien. Vakkare enn alt er menneske som reiser seg: Slik skreiv ein av deltakarane etter pilegrimsvandringa ” Å vandre med håp”.



Var det dette jeg skulle lære denne gangen at jeg er fatisk godtatt selv om jeg ikke gjør. Kanskje det finnes mennesker som synes om meg selv om jeg går rett på trynet å ikke funker. Ja det må være den lærdommen som jeg fikk som pilegrim dette året selv en knekt løvetann har sin verdi.

1. OPPSUMMERING OG UTFORDRINGAR

Grasrotarbeidet, i sorg – og kriser, den direkte kontakten er framleis det viktigaste i prostidiakontenesta. Sist år er det gjennomført over fem hundre og femti samtaler og besøk.

”Å vandre med håp” , er ikkje gjeldande definisjon av diakoni. Men kunne godt ha vore det. Slik vart det opplevde etter årets pilegrimssamarbeid mellom psykisk helse og diakoni. Til saman åtti menneske var involvert i vandringa frå Grunge kyrkje til Røldal. Ekstra moro var det å ha med biskop Olav Skjevesland og 20 diakonar den siste dagen av vandringa.



Elles går samarbeidet med Distriktpsikiatrisk Senter (DPS) i Seljord sin gang. DPS står for 2.lina i det psykiske helsevernet i Vest-Telemark. Frå 2010 har underteikna hatt funksjon som diakon der. Oppgåvene er mellom anna livsgrupper i ”Det Stille Rom”, og samtaler kring eksistensielle/ åndelege spørsmål. Dette arbeidet fører med seg mange nye kontaktar mot brukarar av psykiske helsetenester.

Sidan 2004 har Diakonaten og Vinje kommune arrangert Verdiseminar. Denne gongen som eit Ungdomens Verdiseminar. Her møttes ungdomskuleelevene frå Vinje for å reflektere over det å ” Å velje rett.”



Utfordringa er å gjere Vest-Telemark kyrkja meir diakonal. At diakonien vert ein raud tråd i sokneråda sine planar, i stabane sine møte og mellom dei alminnelege kyrkjegjengarane. Noko som gjer ein skilnad for menneske.

2. ARBEIDSOMRÅDE

FORKYNNING OG UNDERVISNING OM DIAKONI.


Dette skjer gjennom gudstenester (24), diakoniundervisning for alle konfirmantane, kursverksemd, soknerådsmøte og diakonispalta i Vest Telemark Blad

OPPRETTING OG OPPFYLGING AV DIAKONIORGANA I KYRKJELYDANE.

Det er diakoniutval i Kviteseid, Nissedal/Treungen, Grunge og Fyresdal. Utvala har ansvar for blomhelsingar, helgemesse og diakonidagar.

SAMARBEID MED SOKNERÅD OG KYRKJELEGE TILSETTE I PROSTIET.

Samarbeidet skjer på mange felt. M. a gjennom å møte med sokneråd og diakoniutval. Elles deltek eg fast på møta i preste- og diakon fellesskapen i Vest-Telemark, og samlingar som prosten kallar inn til. Saman med sjukeheimsdiakonen i Tokke, lagsdiakonen på Kvitsund og soknediakonen i Seljord undervist om diakonoppgåver på Fagdagen for prostiet. (Bilde: Frå Fagdagen i Vrådal)



OPPLÆRING OG UTDANNING AV FRIVILJUGE MEDARBEIDARAR .

Så godt som råd vert det prøvd å følgje opp dei friviljuge. Om ikkje anna er målet at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose. Diakonisamlinga for Vest-Telemark er eit årleg samlingspunkt.

ARBEID MED Å STYRKE FELLESSKAP OG OPPRETTEOMSORGSGRUPPER.

Sist år har det vore to "Leva - Vidare" – grupper i sving. (Åmot og Dalen). Elles er det tilbod om Livssynsgruppe på Distrikts- psykiatrisk Senter i Seljord.

ARBEID MELLOM DEI INNSETTE I SKOGSLEIREN I FYRESDAL



Det er månadlege visitørbesøk. Kvar gong er det mellom 10-15 innsette som drikk kaffi og et kake med oss (Statistikken seier 98 i alt). Fire visitørar deler på denne tenesta. Elles vert tilbodet om meir individuelle samtaler godt utnytta. (17). Oppslutninga om kyrkjeskyssen varierar noko. Alt i alt er det 9 friviljuge medarbeidarar knytt til skogsleirarbeidet. Pinseftan kom 12 innsette på tur til Dalen og Rui. I romjula var ein gjeng innsette – tradisjonen tru - til juleselskap på Dalen. (Bilde: Tur til Rui)

GJE HJELP TIL MENNESKE I AKUTTE, VANSKELEG LIVSSITUASJONAR.

Jamt over annan - tredje kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det utrykkingar i samband med arbeid i krisegruppene. I samband med dette har eg leia tre debriefingar. I april var eg med å arrangerte eit kurs for alle krisegruppene i Vest-Telemark. Det vart delt ut fem oppmuntringspakkar til jol. Ei raus minnegåve etter Odd Arnt Olsen gjer at me midlar til å hjelpe folk utanom juletida.



STOFF TIL KYRKJELYDSBLAD, AVISER OG RADIO.

Kyrkjelydsblada i prostiet får jamlege stoff. Etter kvart er kommunane sine heimesider ein fin plass å få ut ting. Diakonispalta i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (48). Telemarksavisa har ei spalte kalla "Påfyll" med diakonistoff. (29) . I samband med

innsamlinga til Kirkens Nødhjelp- aksjonen får me disponere to avissider i VTB. Eg er òg inn med livssynskronikkar i Varden. Elles finn ein jamlege oppdateringar av heimesida.

HA KONTAKT MED OFFENTLEG SOSIALTENESTE OG HUMANITÆRE ORGAN.

Prostidiakonen er med i dei kommunale krisetema i Nissedal, Vinje, Tokke og Kviteseid og Fyresdal. Kontakten med skular, sosialkontor, barnevern og arbeidsmarknadsbedriftene er god. Sist år har eg delteke ei ansvarsgrupper. Samarbeidet med Vest-Telemark psykiatrien om pilegrimsvandringa til Røldal "Å vandre med håp", vart gjennomført for fjerde gong. I september vart eg invitert av Vest-Telemark Rådet til å snakke om etterarbeidet etter 22.07.11

MÅLA SOM VART VEDTEKE PÅ ÅRSMØTET FOR 2011/12:

1. Diakoni i Vest-Telemark

Kyrkjemøtet vedtok i 2007 ein overordna plan for diakoni i kyrkjelydane.

Dei fire overskriftene som planen er knytt opp mot er:

- o Nestekjærleik
- o Inkluderande fellesskap
- o Vern om skaparverket
- o Kamp for rettferd (Frå årsmøtet i Treungen kyrkje 10.04.11)



Diakonen og styret for diakonatet i Vest-Telemark vil arbeide for at denne planen skal bli kjent i kyrkjelydane i Vest-Telemark og føre til lokale diakoniplanar og diakonale tiltak.

Målgruppe:

- * sokneråda - som har ansvar for diakonien i kyrkjelydane
- * dei tilsette på alle plan i kyrkja



2. Verdier i Vest-Telemark

Diakoniatet ser det som viktig i perioden å halde fokus på verdispørsmål, inkludert verdiane som styrer utviklinga i Vest-Telemark.

Diakoniatet har gjort avtale med Vinje kommune / Kulturårshjulet om å arrangere verdiseminar kvart år.

Målgruppe:

- * fagseminar for tilsette - også for tilsette utanfor kyrkje
- * dels seminar opne for alle.

RESULTATVURDERING:

Dei fire områda i Diakoniplanen er styrande for arbeidet.

Nestekjærleik blir ikkje minst uttrykt innan samtaler/husebesøk. Inkluderande fellesskap skjer på mange område: Skogsleiararbeidet, Verdiseminaret, pilegrimsvandringar, Leva - Vidare- grupper. Vern om Skaparverket og Kampen for rettferd vert ikkje minst trekt fram under konfirmantsamlinga for Vest-Telemark, og i samband med den årleg KN-aksjonen. (Bilde: Frå Ungdomens Verdiseminar)



3. STATISTIKK SAMTALER/ HUSBESØK I DEI EINSKILDE FELLESRÅDSOMRÅDA:

FYRESDAL	37	(35)
NISSEDAL	31	(26)
TOKKE	(Høydalsmo/Lårdal, Eidsborg/Mo/Skafså)	174 (135)
KVITeseID	(Kilen/Fjågesund, Vrådal, Brunkeberg, Kviteseid)	87 (82)
VINJE	(Møsstrond, Øy fjell, Rauland, Grunge, Vinje/Nesland)	145 (215)
SKOGSLEIR	17	(14)
DPS	72	(15)

Til saman 563 (522) Tala handlar ein 193 ulike saker. Fjorårets tal i parentes . Dei fleste samtalene går over to til tre gonger. Målet mitt å gje folk tilbod innan ei veke.

Ein annan statistikk er køyrte kilometer. I den nylesa Toyota Auris syner trippteljaren 32 531. Den nye bilen har vore ei stor velsigning for meg. Takka vera god sponsorar og gunstig ordningar sparer òg Diakoniatet pengar på ordninga.



4. AKTIVITET

NISSEDAL

Eitt diakoniutvalsmøte med førebuing av Diakoniamøte i Treungen/ vore med på pilegrimsvandring med konfirmantane og elles to konfirmanttimar/Vore diakon under Treungenfestival i august./ delteke på førbuingskurs til vaksenlivet med 10.klasse i Nissedal/ halde 17.mai tale i Nissedal



FYRESDAL

Eit soknebod/ 11 samlingar i skogsleiren m a. juleavslutning i skogsleirlavoen med soknepresten/medansvarleg for Diakonien Dag/ organiserer kyrkjeskys og besøk i skogsleiren / delteke på Jonny Cash -gudsteneste i Moland kyrkje / vore med på introduksjonsprogrammet for innvandrar på Telemark Lys (tre samlingar a tre timar)



KVITeseID

Eitt soknerådsmøte/to konfirmanttimar / andakt på to føremiddagstreff på Misjonshuset/ / forretta i to gravferder/ medansvarleg for Diakonien Dag i Kviteseid/ preika på skulergudsteneste i Vrådal/ eitt krisegruppemøte/ to vegleiingsamtaler med lagsdiakon på Kvitesund/ delteke på VIP-undervisning på Kvitsund/ saman miljøarbeidar leia seks Guys-gruppe på Kvitsund og to undervisningstimar saman med ei innsette frå Skogsleiren/ tala på juletreff i Ordal og eit førejulstreff i Morgedal/



VINJE

To stabsmøte /Fire konfirmanttimar i Rauland og seks i Vinje / Medansvarleg for Diakonien Dag i Rauland og Nesland og Solidaritetsgudsteneste i Nesland/ andakt på ljosomesse på Åmot skule/saman med rektor i Anders Sandvik og elevar ansvarleg for Verdiseminar for ungdom på Vinjehuset/ preika på Snøformingsfestivalmessa i Åmot/ delteke på konfirmantfest i Rauland/ to Krisegruppemøte/preika på Møsstrond palmesundag/ to soknebod/ delteke på konfirmantleir for Rauland og Vinje på Songa/ pilegrimsgudsteneste i Vinje kyrkje/ saman



med Kulturkontoret ansvarleg for pilegrimsvandring(DKS) for 5-7 klasse ved Åmot skule og Vinje Oppvekstsenter/ Kåsert om arbeidet som prostidiakon på Pensjonistlagsmøte for Ytre Vinje/ to visitasplanleggingsmøte/ saman med soknepresten organisert adventstund på Bruli i Åmot/ eitt eldretreff på Grungom/ ei urnedsetting

TOKKE

Seks stabsmøter/ eit soknerådsmøte for Eidsborg/Mo/ Skafså /preika på Diakoniens Dag/ Ungdomsgudsteneste på Kulturhuset på Dalen/ansvarleg for ei ljosomesse saman med konfirmantane / delteke på Helgemesse i Eidsborg/forretta i tre gravferder / to krisegruppemøte/ ansvarleg for Kirkens Nødhjelp-aksjonen i soknet/eit soknebod/ leia samtale etter Utøya i 10.klasse ved Tokke skule/leia markering etter ei bilulukke/ hatt med stortingsrepresentant Lene Vågslid (AP) på jobb for å syne kva ein prostidiakon gjer/ saman med lærar og helsesyster leia ei Gute-gruppe på Høydalsmo skule (4)/ to soknebod



TAL OG ARRANGEMENT FELLES FOR TOKKE, VINJE, NISSEDAL, FYRESDAL OG KVITSEID.

Tre styremøte i Diakonaten plus årsmøtet/ansvarleg for Diakonisamlinga for Vest-Telemark med markering av hundreårsjubileet for Gotfred Rekkebo(Diakoniprisen for 2011 gjekk til Martha Tveit frå Nissedal).Medansvarleg for konfirmanttreff på Vinjehuset/ delteke på sju preste- og diakonmøte i Vest-Telemark prosti/ distriktskontakt for Kirkens Nødhjelp/ansvarleg for Diakonispalta og Fasteaksjonsida i Vest-Telemark Blad/ kyrkjeleg vandringsleiar Seljord-Røldal (ni dagars vandring) / prosjektansvarleg for pilegrimspsykiatrivandring frå Grungedal til Røldal med namnet Å vandre med håp/ delteke i fagdagar for Vest-Telemark prosti/ delteke på Yrkesmessa på



Vest-Telemark Vidaregåande Skule/ i samarbeid med prosten og kyrkjevevja i Tokke gjeve ut Påskehefte med opplysning om alle gudsteneste i V.T i påska ./ delteke på Turneringskveld for Ungdomsklubbar/Lagsarbeidet i Vest-Telemark/ delteke på årsmøtet for ” Pilegrimsvegen frå Vest-Telemark til Røldal” pluss to styremøte/i samarbeid med Haukliseter-festivalen arrangert Pilegrimsvandring og 1. pinsedagsmarkering i Ulevåskaret/ fortalt om ” Å vandre med håp” og leia ei kort pilegrimsvandring for tilsette i Kyrkerådet i Oslo, mot St. Olavs kjelda i Brunkeberg/ Undervist om pilegrimsvandring og psykisk helse for staben i Agder/ Telemark bispedømme og bispedømmerådet/ hadde med fylkesutvalet for Kultur og Næring på pilegrimsvandring i Morgedal/ undervist på Krisekurs i regi Kvinnens Frivillige Beredskap (Bø) / delt ut buffar med ” Å gjera Vest-Telemark til ein varmar stad å bu ” til tilsette i kyrkja og andre samarbeidspartnar.



UTANOM VEST- TELEMARK

Saman med soknediakon Ivar Solbu møtt kyrkjeminister Rigmor Aasrud (bilde) for å samtale om nytta av diakonstillingar (Statsbudsjett for 2012 syner at det ikkje hjalp denne gongen).Delteke på høyring



med Nasjonal kyrkjeleg pilegrimsutval i Kyrkjås Hus i Oslo/ føredrag for nordiske diakonirådgevarar i Oslo og på Generalforsamling i Diakonforbundet med tema "Å vandre med håp./ saman med Ivar Solbu undervist diakonane i Møre bispedømme,(Molde) temakveld i Farsund kyrkjelyd, på Lunde Bedehus (Lunde) og delteke på inspirasjonskveld for kyrkjelydane i Tinn// halde inspirasjonsføredrag om diakoni for Eid kyrkjelyd, Grimstad./medlem av sentralstyret i Det Norske Diakonforbund/ halde føredrag på Pilegrimsdagane i Skjåk/ kåsert om pilegrimsvandringar på Seniortreff for Skien kyrkjelyd på Gaustablikk/ delteke på Vest-Telemark Treff i Oslo/Delteke på Diakonien Dag på Diakonhjemmet og Landstyremøte for DNDF i Oslo/ Ei bisetting i sjukehuskapellet i Arendal/Snakka om Vest-Telemark modellen i diakoni for prestane i Aust- Nednes prosti/ Landsgruppa for Prostidiakonar arrangert eit seminar om Gotfred Rekkebos(1911-93) diakon på hundre års dagen for hans fødsel./ Sidan hausten 2011 mentor for Trusopplæringa i Sauherad kyrkjelyd/ på plenumsdebatten om diakontenesta på Kyrkjemøtet i Tønsberg/



DIAKONALE VANDRINGSTANKAR FRÅ " Å VANDRE MED HÅP "



Dag 1.Grunge kyrkje- Edland

"Det største spørsmålet handler om hvordan vi kan bli større mennesker. Og hvordan vi kan unngå å krympe. Det er trist og skummelt å se hvor lett mennesker krymper. De velger livsvei, kjæreste eller yrke som gjør dem mindre, og de blir ikke den de kunne ha blitt. Derfor: Bli større! (Tomas Espedal)

Utan for kyrkja trippar pilegrimane for å kome av garde vestover. Temperaturen er grei. Men frosten er i meg. Han kom tidleg i år. Men det er varme i fellesskap og folk. Viktigare enn nokon gong synest det å vera å gå saman. Ei lita beite er eg attende i Panebaq, Guatemala. Eit stor jordskred hadde teke skulen, og fleire hundre born var gravlagt i leira. Me var på studietur med Kirkens Nødhjelp, og var invitert på ei eittårsmarking for katastrofen. " Hit går me med håp, sa ein kar." Sorg har me alt for mykje av."

Sorg kan nok delast , men innerst inne er kvar og ein av aleine med henne. På kyrkjegarden her ligg Olav Midtveit. Ein ung kar (27 år) som døydde under Tokke-utbygginga. Vinje-presten den gongen måtte gå med dødsbod. For å arbeide seg gjennom hendinga malte han eit bilete. Venen Tarjei Vesaas fekk sjå måleriet, og sette seg ned og skreiv diktet " Berget gret" som sluttar slik.

Alltid græt berget
Tusenårs gråt ber dei merke av
Når ein kjenner dei
Berga og gråten
Har ein med seg sjølv



Dag 2; Edland- Vågsli

Så hiv eg etter pusten i bakkane opp frå Edland. I dei grøne liene med gule flekkar får eg ein assosiasjon til boka "Kimen". Tarjei Vesaas skreiv boka i 1940. Bakgrunnen er krigen, men den ytre historia handlar om mord og ufred på ei lita øya. Men ei held vona levande. Når heile

øya er samla ropar ho ut:” Men øya er då enno grøn”, og så fortel ho at ho er med born. Midt i det vonde, lyser håpet.

Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje,
at det må skje --
at tidi skal åpna seg
at hjarta skal åpna seg
at dører skal åpna seg
at berget skal åpna seg
at kjelder skal springa --
at draumen skal åpna seg,
at me ei morgon stund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst om.

(Olav H. Hauge)



Dag 3: Vågsli- Ulevå

– *I det øyeblikket livet blir mindre, lukker en seg, og man ser ikke verden som den er. Verden er stor. Og kompleks. Skal man åpne seg opp for det, må man velge det som krever noe. Da blir livet rikere.*

(Tomas Espedal)

Ved Havradalsvegen går det rett vest, og eg tek til å glede meg over å møte min gode kamerat Store Nup. Aldri har eg vore opp på den 1661 meter høge venen. Men eg likar han. Kva store Nup tenker om meg veit eg ikkje. ” Det gode med fjellet , seier forfattar Georg Johannessen, ” er at de ikke bryr seg om mennesker. ” Likevel er kanskje difor, er dei heilt sentrale i mange liv. Filosofen Arne Næss sa ein gong, at han var glad han vaks opp utan ein nærverande far. Slik fekk han Hallingskarven som far i staden.

Og nokre strofer frå Bibelen når meg. ”Eg lyfter augo mine til fjell. Kvar skal mi hjelp kome frå? Mi hjelp kjem frå Herren. Så ber eg for alle dei mange som ikkje opplever noko hjelpa. Dei som kjenner at Gud er fjernare enn alt. Som synest at Gud vart borte i Auswich eller andre terrorplassar. I fortvilninga og trass nynnar eg på ei gamal salme.

Nærmere deg, min Gud
Nærmere deg,
Om det et kors enn er som løfter meg
Synes dog meg veien trang
Er det dog all min sang
Nærmer deg min Gud
Nærmere deg



Dag 4: Ulevå- Svandalsflona

Så er det som om Gud kjem nær meg på ein spesiell måte her i fjellheimen. Som om det berre er ei ”tynne” hinne mellom oss og Gud. Det er strålende å gå lang Ulveåvatnet. Fint å følgje dei svakt stigane vegane opp mot Dyrskar. Som godt kan tenkast å ikkje handle om “dyr”, men heller om “ dør”. Det likar eg. Dyrskar som den stor døra mot Vestlandet. Folk på pilgrimsvegen vert gode vener for nokre dagar. Kameratar på vegen. Eg veit mest ikkje noko betre bilde på slike venskap, enn glade og lyslugga Emil og drengen Alfred. ” Du og eg, Alfred. Ja, du og eg. Emil.” Meir trengs ikkje seiast. Emil er forresten kan eit av dei sterkast utrykk for solidaritet og diakoni. Emil oppdaga at styrarinna på gamleheimen held unna julemat til seg sjølv, så han tek dei gamle heim til seg og trakterar. I glede


over endeleg å kunne ete seg mett, bryt fattigmannen i lovsong: Berre sæle og lys heile vegen, seie Gale – Jocke. Emil kom ikkje med smular , men raus og god, dreiv han og bygd ei meir rettferdig verd. Det handlar om å ta Gud ned på jorda.

Så vert den gode Emil ein gudstenar , for ikkje å seie diakon. Slik me alle skulle vera.

Velg det som utfordrer og gir vanskeligheter! Alltid! I valget mellom lette og vanskelige løsninger, må jeg velge de vanskeligste. Alltid! Derfor havner jeg andre steder enn der jeg trodde jeg skulle ende opp. Alt blir større. Jeg blir større.(Tomas Espedal)

Dag 5; Svandalsflona- Røldal

Eg har lite røynsle med bordellar. Men i dei grøne liene ned mot Røldal stikk tankane på bordellbesøk. Ein rein studietur vil mange seie. Sant var det òg. Staden var den fantastiske byen Salvador på Austkysten av Brasil. Me var med ein lokal organisasjon for å dele ut kondomar. Roma var små og skitne. Ei dør vart opna av eit vindpust. Innafor var det full aktivitet, eg ville no helst ikkje sjå og lyfta blikket. Høgt på veggen hang eit Kristus-krusifiks. Så var han også der tenkte? Gav han støtte til dei krenkte der inn? Såg dei opp på Han og kjende seg elska trass alt? I takksemd for god vandring bøyger eg hovudet under krusifikset i Røldal-kyrkja. Teiknar meg med krossmerket Hit har mange vandra med god von. Somme fekk livet endre. Andre måtte tusle like kleine attende. Så er det vel slik at ein somtid må reise bort før ein kan kome heim. Og



Tomas Espedal si utfordring om å bli større som menneske, tek eg meg vidare. Gjennom å velje det som krev noko ekstra av oss. Slik utvidar me liva for oss sjølve – og andre.

Nokre nøkkeltal for 2011.

Samtaler 563
Gudstenester 24
Skogsleirbesøk 11
Trefftid DPS- Seljord 20
Leva-Vidare grupper 2
Viktig fellesarrangement for Vest-Telemark:
Pilegrimsvandring Vest-Telemark – Røldal
"Å vandre med håp"- i samarbeid med Psykisk helse/Vi-To/DPS
Verdiseminar i samarbeid med Vinje kommune
Diakonispalta i Vest-Telemark Blad 49
Distriktskontakt for Kirkens Nødhjelp i Vest-Telemark
Diakoniamlinga for Vest-Telemark i Treungen

Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon. Prostidiakonen i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane, kyrkjedepartement og Agder og Telemark bispedømeråd. Diakoniatet har eit valt styre. Styreleiar er Oscar.J. Garnes, Vinje. Tokke kyrkjelege fellesråd fører rekneskapen. Kyrjekontoret på Dalen er kontorstad for prostidiakonen.

Prostidiakon Eilev Erikstein
e-post: eilever@online.no
www.prostidiakon.no

mobil 91113580



